

SIGURD REFHEIM

GARD OG ÆTT
I SOLA

UTGJEVAR SOLA KOMMUNE 1974

Torgerson, **Gitlaug Olsdtr.**, same året som Halve døydde, for han står på Bertel Jakobsons liste over innflytte i 1664, der han er skriven: Salmund Ommundson Røyneberg. Gitlaug vart gravlagd 11/2 1680 65 år, skifte 27/4 1680, og 9/11 1680 vart Salmund gift med **Gunnhild Asbjørnsdtr.** frå Røyneberg, bruk 1, huslyd 2.2. Etter at Salmund døydde i 1687, grl. 23/12, skifte 7/4 1688, gifte Gunnhild seg att med Torkel Torkelson.

Born, alle i andre ekteskapet:

1. Ommund, dpt. 25/12 1881, grl. 20/1 1684.
2. Anders, dpt. 25/12 1683. I skiftet etter mor hans 21/2 1714: Er faren til sjøs for lang tid sidan.
3. Gitlaug, dpt. 7/2 1686. I skiftet etter mora står det at det var skifte etter Gitlaug Salmundsdr. 22/5 1704.
4. Dotter, namn ikkje kjent, grl. 13/7 1690.

7. **Torkel Torkelson** var frå Øvre Haugland, Time g. og æ. s. 126, nr. 39b. I tingboka (23/6 1698) får vi vita at han var halvbror til Isak Tjerandson Bore (Klepp g. og æ. s. 44, nr. 8). Han vart gift 7/10 1688 med enkja etter Salmund Ommundson, **Gunnhild Asbjørnsdtr.**, og tok over bygsla. Skylda var framleis 21 spann. Torkel døydde i 1704, grl. 20/4, og Gunnhild gifte seg att med Simund Hansson.

Born:

1. Anna, dpt. 14/7 1689, Gimra, bruk 4, huslyd 7.
2. Gitlaug, dpt. 17/4 1692, Austbø i Hetland, g. 4/12 1729 m. Erik Ellingson.
3. Salmund, dpt. 8/11 1696, døydde føre 3/4 1698.
4. Salmund, dpt. 3/4 1698, grl. 24/6 1698.

8. **Simund Hansson** var frå Gådeset i Hetland, son til Hans Simundson og Siri Einarsdtr., gift 5/7 1705 med enkja etter Torkel Torkelson, **Gunnhild Asbjørnsdtr.** Ho vart gravlagd 24/12 1713, skifte 21/2 1714, og 17/10 1714 gifte Simund seg att med **Kari Kristoffersdtr.** frå Lura, Høyl. g. og æ. s. 273, nr. 18a. Han sat med bygsla til han døydde i 1733, grl. 24/5,

skifte 16/6 1733. Kari gifte seg same året med Tjerand Isakson.

Born, alle i andre ekteskapet:

1. Hans, dpt. 13/10 1715, grl. 7/2 1717.
2. Hans, dpt. 12/12 1717, Austre Stangaland, husmpl. 1, huslyd 5.
3. Per, fødd ikr. 1721, grl. 13/8 1741, var då dreng på Grannes.
4. Gunnhild, dpt. 1/10 1724, nemnd i skiftet 24/10 1741 etter mora.
5. Bereta, dpt. 3/8 1727, Dysjaland, husmpl. 1, huslyd 4.
6. Kristoffer, dpt. 2/3 1732, grl. 9/3 1732.

9. **Tjerand Isakson** gifte seg 11/10 1733 med enkja etter Simund Hansson, **Kari Kristoffersdtr.**, som vart gravlagd 13/8 1741, skifte 24/10 1741. Andre kona hans var Bereta Gitledtr. Ho var venteleg frå Sør-Varhaug, Hå g. og æ. II, s. 38, nr. 31c, grl. 26/3 1797, skifte 18/4 1797. Tjerand var frå Arslund i Varhaug, Hå g. og æ. II, s. 278, nr. 15a, grl. 20/5 1781, skifte 26/6 1782.

Born:

i første ekteskapet

1. Isak Simund, dpt. 16/6 1734. Sjå Sola, bruk 23, huslyd 10,1.
2. Kristoffer, dpt. 24/2 1737. Medan Tjerand og Bereta levde, kravde dei skifte, dat. 26/6 1779. Her står det at Kristoffer budde på Sunnmøre. Det er han som er ættefar til ætta Rønneberg i Alesund.
3. Gitle, dpt. 3/2 1743, Saurnes, bruk 1, huslyd 6.
4. Lars, dpt. 13/12 1744, Røyneberg, dette bruket, huslyd 10.
5. Tjerand, dpt. 1/1 1748, døydde føre 1758.
6. Karen, dpt. 6/4 1749, grl. 24/4 1754.

10. **Lars Tjerandson** bygsla bruket etter faren, framleis med den gamle skylda, 21 spann, og gifte seg 25/3 1776 med **Ragnhild Hallwardsdtr.** frå Austrått, Høyl. g. og æ. s. 87, nr. 46b. Ho vart gravlagd 20/1 1788. Andre kona hans var **Kirsten Eriksdtr.** frå Røyneberg, bruk 1, huslyd 6. Lars døydde i 1790, grl. 13/6, skifte 17/7, og Kirsten gifte seg att med Mikal Mikalson.